

Forslag til ny gudstenesteordning for Knarvik sokn

21.09.20

Til orientering:

Årstal som det blir vist til i presentasjonen:

1977: Ny liturgi blei innført i Den norske kyrkja (DnK). Fleire liturgiske ledd som er i bruk i dag, stammar frå den tida.

2011: Det kom ein revisjon av liturgien DnK. Det vart gjeve stor fridom til å velje mellom ulike alternativ ved denne revisjonen. Det vart skrive mykje ny liturgisk musikk. Dette har gitt ein stor variasjon i kva liturgi som er i bruk i ulike kyrkjer.

2020: Forslaget som no ligg føre har langt færre alternativ å velje mellom når det kjem til liturgisk musikk. Framleis er det høve til å velje mellom mange ulike alternativ i dei ulike ledd i gudstenesta.

Kyrie, Gloria, Sanctus og Agnus Dei

Her kjem ei orientering som vedkjem punkt 1 med dei fire ledda med liturgisk musikk, Kyrie, Gloria, Sanctus og Agnus Dei.

Kyrie: Ordet er gresk, det er ei tiltaleform og betyr «Herre». Ordet «eleison» betyr «miskunna deg over oss». Orda er henta frå ein blind mann og tiggjar i byen Jeriko. Jesus gjekk framom og mannen ropa: «Herre, miskunna deg over meg». Desse orda har sidan gått inn i liturgien som eit bønnerop.

Gloria: Teksten i gloria-leddet er henta frå englesongen på Betlehemsmarkene, som begynner med «Ære vere Gud i det høgste...». Ordet «gloria» er det første ordet i den latinske teksten og betyr «ære».

Sanctus: Teksten i Sanctus-leddet har sin plass i nattverdliturgien. Første delen av teksten i dette leddet er henta frå profeten Jesaja, der profeten har eit syn der han opplever den heilage Gud. Ordet «sanctus» er latin og betyr heilag.

Agnus Dei: Teksten i dette leddet høyrer også til i nattverdliturgien. Orda tyder «Guds lam» og viser til omtalen av Jesus som «Guds lam», som i Johannesevangeliet, kapittel 1.

Soknerådet skal ta stilling til 18 spørsmål

1. Liturgisk musikk (Kyrie – Gloria – Sanctus – Agnus Dei)

Det er tre alternativ for såkalla allmenn serie. Denne serien skal brukast når liturgisk farge er grøn.

Allmenn hovudserie 1:

(Link til denne hovudserien på youtube: <https://www.youtube.com/watch?v=pCwCKztajmc>)

To alternativ for kyrie-leddet i allmenn serie 1:

1. Kyrie frå allmenn serie frå 1977, som var fast liturgi fram til 2011.
2. Kyrie på nr (viser til Norsk salmebok) 976.6 av Halvdan Nedrejord.

Soknerådet held ope kva av desse to melodiane som skal nyttast som kyrie, og vil lytte til innspel frå soknemøtet. Soknerådet har også retta spørsmål til biskopen om å nytte andre kyrie, som står i salmeboka.

Gloria:

Gloria frå allmenn serie som blei brukt til vanleg fram til 2011 blir gjeninnført. På høgtidsdagar og ved andre særskilte høve, kan eit utvida gloria bli brukt.

Sanctus:

Som i liturgien frå 1977. Dette leddet er i bruk i kyrkjelydane våre i dag.

Agnus Dei:

Som i liturgien frå 1977. Dette leddet er i bruk i kyrkjelydane våre i dag.

Allmenn hovudserie 2:

(Link til denne hovudserien på youtube: <https://www.youtube.com/watch?v=1Zaua2QrTsE>)

Dette er ein meir rytmisk serie, som kan vere tenkt brukt meir på ungdomsgudstenester. Fleire av melodiane er tungt tilgjengelege, og vil vere vanskelege å lære for kyrkjelyden. Vidare vil dei vere framande for folk som går i kyrkja ein sjeldan gong.

Soknerådet har retta spørsmål til biskopen om å nytte Agnus dei frå denne ordninga.

Allmenn hovudserie 3:

(Link til denne hovudserien på youtube:
<https://www.youtube.com/watch?v=V5m4Ob6a88Q>)

Denne serien vil høve godt i ein meir høgkyrkjeleg samanheng. Denne serien opplevest av soknerådet som ikkje aktuell for kyrkjelyden vår.

I festtida (i den tida den liturgiske fargen er kvit, på høgtidsdagar og i tida etter jul og etter påske) og fastetida er det eigne seriar med liturgisk musikk. Desse kyrkjeårsbestemte seriane vil ikkje bli teke i bruk i denne omgang. Soknerådet finn den liturgiske musikken for festtida og fastetida som så tungt tilgjengeleg at kyrkjelyden vil ha vanskar med å lære den. På eit seinare tidspunkt vil soknerådet vurdere å innføre liturgi for festtida.

Serie for fastetida Ja Nei

Serie for festtida Ja Nei

2. Prosesjonar

I dag er det prosesjonar ved dåpsgudstenester og høgtidsgudstenester, og ved enkelte høve som når særskilte aktørar deltar i gudstenester som kor, konfirmantar osv. Soknerådet føreslår at dette held fram.

3. Informasjon

Informasjon kan gjevast, anten før gudstenesta startar *eller* i kunngjeringar før forbøn.

Soknerådet ønskjer å halde fram med ordninga at ein medliturg har informasjon etter klokkinging. Prest kan seie kva som er dagens tema.

4. Samlingsbøn

Soknerådet ønskjer å nytte alternativ 2 frametter (med utheva skrift). Alternativ a) har blir nytta fram til no.

Det er mogeleg å endre bøn etter ei tid. Det er verd å merke seg at det har kome særskilte samlingsbøner for særskilte dagar i kyrkjeåret, slik som julaftan og høgtidsdagane.

1 ML | Gud, vi er komne inn ditt heilage hus for å ta imot det du vil gje oss. Lat no opp hjarta våre, så vi kan fornyast i trua på deg.

2 ML | Heilage Gud, vi er samla for ditt andlet for å møte din kjærleik og di sanning. Send oss din Ande og gjer oss opne for det du vil gje oss. Lat ordet ditt slå rot i hjarta våre, så Kristus lever i oss, og vi blir eitt i deg og tener deg i alle ting.

3 ML | Gode Gud, du som gjev liv til alt som lever, vi prisar deg for alt det vakre på vår jord, og for alt som lèt oss kjenna at du er god. Her for ditt andlet bed vi: Gjev oss lyttande øyre, takksame hjarte og tenande hender, så vi kan høyra ordet ditt, lovprisa deg for di miskunn, og i ord og gjerning vitna om dine storverk. ML | Gud, vi bed.

4 ML | Herre, eg er komen inn i dette heilage huset ditt for å ta imot det som du Gud Fader, skaparen min, du Herre Jesus, frelsaren min, du HeilageAnde, trøystaren min i liv og død, vil gje meg. Lat no opp hjartet mitt ved din heilage Ande, så eg kan sørgja over syndene mine, leva i trua på din nåde og saman med heile ditt folk fornyast kvar dag i eit sant og heilagtliv.

5 ML | Gud, du er midt iblant oss. A |Gud, du er midt iblant oss. ML|Du omgjev oss på alle sider. A | Du omgjev oss på alle sider. ML | Hald oss i di hand. A | Hald oss i di hand.

...

8 ML | Heilage Gud, du som har gjeve oss livet i gåve: Takk for at du tek imot oss i dåpen og styrkjer oss i nattverden. Lei oss ved ditt ord, og gjer oss opne for det du vil gje oss.

5. Syndsvedkjenning.

Synsvedkjenning kan plasserast like etter samlingsbøn eller like før forbøna. Soknerådet ønskjer å halde fram med å ha synsvedkjenninga i starten tidleg i gudstenesta.

Denne innleiinga blir brukt til synsvedkjenninga:

L | Lat oss bøya oss for Gud og be om tilgjeving.

Soknerådet føreslår å bruke alternativ c) (med utheva skrift). Alternativ a) har blir nytta fram til no.

a) A | Gud, ver meg nådig! Eg har synda mot deg og svikta min neste – med tankar og ord, med det eg har gjort, og med det eg har forsømt. Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld. Skap i meg eit reint hjarte, og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.

b) A | Gud, ver meg nådig! Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld. Skap i meg eit reint hjarte, og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.

c) A | Gud, du kjenner og elsker oss alle. Du vil at vi skal ta vare på kvarandre og på jorda. Vi veit at vi sviktar og gjer deg imot. Tilgjev oss og hjelp oss, for Jesu skuld.

d) A | Heilage Gud, vår skapar, sjå i nåde til oss. Vi har synda mot deg og brote boda dine. Tilgjev oss for Jesu Kristi skuld. Set oss fri til å tena deg, verna om skaparverket og møta vår neste med kjærleik.

Synsvedkjenninga frå 1977-ordninga kan nyttast:

Heilage Gud, himmelske Far, sjå i nåde til meg, syndige menneske, som har såra deg med tankar, ord og gjerningar og kjenner den vonde hug i hjarta mitt. For Jesu Kristi skuld, ha tol med meg. Tilgjev meg alle mine synder og gjev at eg må ottast og elska einaste deg.

Liturgen kan seia eit lovnadsord *etter* synsvedkjenninga:

L | Guds ord seier: dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd. 1 Joh 1,9

eller

L | Så høg som himmelen er over jorda, så veldig er hans miskunn over dei som fryktar han. Så langt som aust er frå vest, tek han syndene våre bort frå oss. Sal 103,11-12

Soknerådet vil nytte 1. Joh 1,9 som lovnadsord.

6. Dagens bøn

I dagens bøn er tematisk for den enkelte søndag i kyrkjeåret, og er plassert like før første tekstlesing. Soknerådet vil nytte dagens bøn når det ikkje dåp. Grunngevinga er at dagens bøn vil kunne opplevast som tungt tilgjengeleg, og mogleg noko framandgjerande, like etter dåpsliturgien. Når det ikkje er dåp vil det vere større innslag av gudstenestedeltakarar som er vande med å gå til kyrkje. Då vil Dagens bøn lettare ha sin funksjon som ei samlande element mellom gloria-leddet og tekstlesingane.

7. Dåp

I hovudsak blir dåp forretta i hovudgudstenesta på søndag kl. 11. Ved særskilt høve kan ein ha dåp i eigne dåpsgudstenester.

Medliturg/ dåpsvert blir nytta til praktiske oppgåver, og til å delta med bønna som avslutning på dåpshandlinga. Dersom ikkje nokon frå dåpsfamilien deltar med skriftlesing, kan dåpsverten eller medliturgen delta.

Kyrkjelyden nyttar Fader vår frå bibelomsetjinga frå 2011.

8. Halleluja-omkved

Hallelujaomkved skal syngjast før evangelieteksten blir lest. Etter evangelieteksten *kan* hallelujaomkvedet gjentakast. Alternativet er å syngje ein salme.

Soknerådet velgjer å nytte hallelujaomkved både før og etter evangelielesingar. Dersom ein salme blir nytta, vil salmen kunne ta bort noko av merksemda frå evangelieteksten.

Soknerådet ser hallelujavers på nr 977.4 eller 977.6 som mest aktuelle, og tilrår 977.4.

9. Truvedkjenning

Som i dag blir apostoliske truvedkjenninga nytta til vanleg og den nikenske truvedkjenninga på høgtidsdagar. Truvedkjenninga blir lest i kor og ikkje sunge.

10. Forbøn/kyrkjelydssvar

Soknerådet ønskjer ikkje å velje forbønnsmodell, men ønskjer fridom til å velje mellom forslaga i gudstenesteboka. Litaniet blir brukt i fastetida. Forbønssvaret vil som normalordning vere som i dag:

«Herre, vår Gud, høyr oss når vi bed».

På dagar der bøn har særskilt plass i gudstenesta, kan andre forbønssvar nyttast.

11. Kyrkjelyden sitt takkoffer

Offeret blir tatt opp etter forbønna. Til vanleg blir offeret tatt opp i benkene. Når det høver, kan ein gå rundt alteret. Dette skjer gjerne på familiegudstenester.

Ved avslutninga av takkofferet er det to alternativ:

Alternativ 1:

Offeret blir tatt opp som no, presten tar i mot og kollektørane går tilbake til plassen sin.

Alterantiv 2:

Kollektørane kan gå fram til alteret og legge offeret på kvar si side av alteret.

Kollektørane kan bli ståande medan bønna blir lest, framme ved alteret.

Soknerådet vil prøve ut alternativ 2 i ein periode.

Soknerådet vil ta opp offeret under instrumentalmusikk, og ikkje under nattverdsalmen slik som no. Dette blir gjort for å skilje vår gåve til Gud og Guds gåve til oss.

Ved familiegudstenester er det eit ønske å ta opp offeret ved å gå rundt alteret.

12. Dekking av nattverdbordet

Til no har kalk og disk stått på alteret frå start. Soknerådet vil i ein periode prøve ut å dekke alterbordet under salmen før nattverden. Då vil medliturg, ministrant (eit barn eller ein ungdom som tar del) eller prest i Knarvik kyrkje bere nattverdelementa frå hylla bak døypefonten til alteret. I Alversund, Seim og Lygra kyrkje vil dette ordninga bli nytta dersom det praktisk legg seg til rette.

13. Fadervår

Fadervår kan syngjast eller lesast. Soknerådet vil at Herrens bøn bli lest når det er dåp i gudstenesta og blir sunge når det kun er nattverd.

14. Fredshelsing

Noverande ordning blir halden fram med:

L | Guds fred vere med dykk. K | Guds fred vere med deg.

15. Utdeling

Nattverd med bruk av særkalkar er normalordning. Ved særskilte høve kan intinksjon bli brukt, dersom smittevernsituasjonen tilseier det.

Avalkohlisert altervin og glutenfrie oblatar blir brukt.

16. Etter utdelinga

Kyrkjelyden kan ta del i siste del av tilseiingsorda etter nattverden. Soknerådet vil ikkje at dette alternativet blir nytta.

L seier | Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin kropp og sitt blod som han gav til soning for alle våre synder.

A (eller L) | Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet.

L | Fred vere med dykk.

17. Avslutninga av måltidet

Kyrkjelyden kan ta del i siste del av takkebøna etter nattverden. Soknerådet vil nytte dette alternativet, og vil gjere bruk av alternativ c) (utheva skrift)

Takkebøn

Her kan liturgen/medliturgen seia:

L/ML: Lat oss takka og be

a) L/ML | Vi takkar deg, himmelske Far, for dine velsigna gåver. Vi bed at du ved desse gåvene vil halda oss fast i trua på deg, sameina oss idin kjærleik og stadfesta i oss håpet om det evige livet, for Jesu Kristi skuld.

K | Amen.

eller

b) L/ML | Vi takkar deg, visdoms Gud, for den djupe løyndomen i ditt måltid: Brødet vi har brote, er eitt. Son din har gjeve sitt liv for éi verd og éi menneskeslekt. Vi bed deg: A eller L/ML | Hjelp oss å høyra det ropet du har høyr, å sjå den nauda du har sett, og å elska nesten vår som oss sjølve.

eller

c) **L/ML | Vi takkar deg, nådige Gud, du som gjennom brødet og vinen har gjeve oss del i Jesu Kristi sigerrike død og oppstode. Vi bed deg:**
A eller L/ML | Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.

eller

d) L/ML | Trufaste Gud, du som i dåpen har gjeve oss barnekår og gjort oss til arvingar i ditt rike. Vi takkar deg for dette måltidet, der du har gjeve oss forlating for syndene og fornya oss i trua på dine lovnader. Vi bed deg:
 A eller L/ML | Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.

18. Retningsliner for hovudgudstenester i årsplanen

Soknerådet vil at Knarvik sokn held fram med dagens ordning for gudstenesteplan:

Gudstenester kvar sundag i Knarvik kyrkje. Det er kveldsgudstenestes kl. 19.30 siste sundag i månaden.

Andre søndag i månaden er det gudsteneste i Seim kyrkje kl 11. Då er det tilbod om dåp i Seim kyrkje og det er ikkje dåp i Knarvik kyrkje.

Siste søndag i månaden er det gudsteneste i Alversund kyrkje kl 11.

I Lygra kyrkje er det 5 forordna gudstenester i året. Det er gudsteneste på julaftan, ved konfirmasjon og på 17. mai. Det er vidare gudsteneste ved semesterstart i september. I tillegg er det gudsteneste med tilbod om dåp i 1. kvartal og 4. kvartal, samt lysmesse. Dette inneber at det er fleire gudstenester på Lygra enn gudstenesteforordninga tilseier.